



Tann- og munnstell for personar med utviklingshemming

**Utarbeidd av tannpleiarar i Vest tannhelseområde, i samarbeid
med Buteneste for utviklingshemma i Arna (2017)**

Innhaldsliste

Innhaldsliste	1
Innleiling	3
Utfordringar.....	4
Hjelp til tann- og munnstell.....	4
Tilrettelegging ved munnstell.....	4
Individuell plan	4
Produktoversikt	5
Fingerbeskytta / bitestøtte	5
Greholdar	5
Tannbørste.....	5
Elektrisk tannbørste	5
Super brush	5
Reinhalde mellom tennene	6
Mellomromsbørster	6
Soft Picks gummitannstikker.....	6
Miracle tantråd	6
Fluorprodukt	7
Fluorskyll.....	7
Duraphat-tannkrem.....	7
Fluortablettar	7
Saliva-gel (spytterstatningsmiddel).....	7
Andre munnstellprodukt	8
Corsodyl munnskyllevæske/gel	8
Vaselin (oljebasert) eller Blistex (vassbasert).....	8
Hydrogenperoksid.....	8
Glyserol.....	8
Utstyr ved protesestell	8
Protesebørste	8
Zalo	8
Vanlege sjukdommar i munnen	9
Karies	9
Gingivitt.....	9
Syreskader	9
Tanngnissing	9
Periodontitt	10
Munntørrheit.....	11
Protesar og munntørrhet.....	11
Soppinfeksjon i munnen	12
Årsaker til sopp	12
Behandling av soppinfeksjon.....	12

Kosthald og helse.....	13
Ansvarsfordeling	14
Munnstellkort.....	15
Det finnes fire ulike munnstellkort.....	15
TANNSTELL	16
MUNNSTELL TENNER OG PROTESER.....	17
MUNNSTELL PROTESER	18
MUNNSTELL	19
Hugseliste	20
Lenkjer til nyttige nettsider.....	21
TAKO-senteret.....	21
Andre nettsider	21
Helseskjema	22

Innleiing

Etter Lov om tannhelsetenesta, LOV-1983-06-03-54, har personar med diagnose utviklingshemming rett på gratis tannbehandling på offentleg tannklinik. Tannklinikken kallar regelmessig inn alle til undersøking og behandling. Dette gjeld både dei som bur i og utanfor institusjon. Dokumentasjon på diagnose er naudsynt.

Alle kommunar i Hordaland har samarbeidsavtale med Den offentlege tannheletenesta der dei forpliktar seg til å utveksle informasjon angåande brukarane. Dette kan vere diagnosar, helseopplysningar og informasjon om kven som til ei kvar tid hører til gruppa. Det er òg årlege samarbeidsmøter mellom Butenester for utviklingshemma og Den offentlege tannhelsetenesta.

Dette er eit informasjonshefte med fokus på tenner og munnstell. Her kan du lese om korleis munnstell skal utførast, og kvifor det er viktig å utføre munn- og tannstell dagleg. Det er eit mål å påverke tannhelsa til brukarane i positiv retning.

Du finn òg ulike munnstellkort som fritt kan kopierast og brukast til kvar enkelt brukar. Helseskjema skal fyllast ut og takast med til årleg undersøking på tannklinikken.

Ta kontakt med tannklinikken dersom du har spørsmål eller om noko er uklart i dette heftet.

Kontaktinformasjon

Tannklinikk _____

Adresse _____

Telefon _____

Kontaktperson _____

E-postadresse _____

Utfordringar

Å ta vare på tennene til personar med psykisk utviklingshemming kan by på større utfordringar enn det vi finn hos andre. Mange har alvorlege forstyrningar i bitt, kjeve og tannutvikling. Gapeproblem og spasmar kan gjere det ekstra vanskeleg å utføre tannpuss. Mange medisinar og mangefull munnhygiene kan auke faren for hol i tennene. Nedsett immunforsvar kan også bidra til infeksjonar i munnholna. Dette kan vere ekstra alvorleg for dei med funksjonshemming og kroniske sjukdomar. I tillegg kan kommunikasjon vere ei utfordring.

Tannbehandling er for mange ei stor påkjening, og kan vere umogeleg å gjennomføre på tannklinikken. Alternativet er tannbehandling i narkose. Det førebyggande arbeidet er difor ekstra viktig, og vi må gjere alt vi kan for å unngå hol og tannkjøtsjukdom. Personar med ulike funksjonshemmingar er sårbare og treng god hjelp.



Hjelp til tann- og munnstell

Nokon klarar munnstellet sjølv, medan dei fleste treng hjelp til å utføre deler av- eller heile munnstellet. For andre kan det vere nok med oppmuntring og rettleiing. Dersom nokon motset seg hjelp til tannpuss er det viktig å vere tålmodig. Start med:

- inviterande kommunikasjon
- insisterande kommunikasjon
- bruk av tvang er siste utveg

Målet er å unngå bruk av tvang hos flest mogeleg. Samarbeid med kollegaer om kva som fungerer på den enkelte. Dei som har gode relasjonar til brukaren skal formidle best eigna framgangsmåte.

Ved behov for tvang ved dagleg munnstell må det fattast eige vedtak. Tannhelsepersonell kan hjelpe til med å legge fram naudsynt dokumentasjon.

Det kan vere naudsynt å bruke premedisinering før tannbehandling. Dette blir individuelt vurdert i samarbeid med tannlege eller tannpleiar. Ved bruk av tvang på tannklinikken vil det fattast vedtak av tannhelsetenesta.

Tilrettelegging ved munnstell

Det er viktig å tenkje på korleis munnstellet best kan tilpassast dei daglege rutinane. Det er anbefalt å utføre tannpuss etter frukost og etter kveldsmat. Dersom det er vanskeleg å utføre tannpuss då, kan ein finna andre tidspunkt som passar betre. Det viktigaste er at det blir utført grundig og regelmessig.

For best mogeleg arbeidsstilling for den som pussar bør brukaren sitte, for eksempel på ein dusjstol eller krakk, medan den som pussar står bak. Dersom brukaren lener hovudet mot den som pussar vil det følast trygt og behagelig, og ein vil få god oversikt i munnen.

Unntaket kan vere personar med autisme, då kan det vere like gunstig å stå framfor brukaren. Finn den måten som passar best for den einskilde.




Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Individuell plan

Alle med langvarige og samansette tenester har rett til å få utarbeidd ein individuell plan. Tannhelsepersonell kan vere deltagande i planen og delta i møter der dette er hensiktsmessig.

Det skal lagast prosedyrar for munn- og tannstell til alle. For å sikra brukaren god hjelp kvar dag, uavhengig av kven som hjelper til med stellet, skal prosedyrane dokumenterast og vere lett tilgjengelege. Heng for eksempel opp munnstellkort på badet og før prosedyrane inn i Profil.

Munnstellkort er nyttig for å opplysa personalet om kven som kan pussa tennar sjølv, kven som treng rettleiing, og kven som treng hjelp til deler av-, eller alt tannstellet. I tillegg kan notat om spesielle hjelpemiddel og rutinar noterast på munnstellkortet.

Produktoversikt

Dagleg tann- og munnstell er for mange ei stor og vanskeleg oppgåve. Her er ei oversikt over nokre hjelpemiddel som kan forenkle kvardagen.

Fingerbeskyttar / bitestøtte

Bitestøtte gir god avlastning for bittet til brukaren og god beskytting for utøvar. Den finns i ulike storleikar.



Foto: Henta frå www.ovrebo.no sin nettbutikk

Greholdar

Eit tjukkare skaft på tannbørsten kan gjere det lettare for brukaren å halde tannbørsten sjølv.



Foto: Henta frå www.tse.no sin nettbutikk

Tannbørste

Ein liten tannbørste gjer det enkelt å koma til og pussa alle tannflater. Mjuk bust er skånsamt for tenner og tannkjøtt.



Norsk Tannvern®

Elektrisk tannbørste

Elektrisk tannbørste har dokumentert betre effekt enn manuell tannbørste.



Norsk Tannvern®

Super brush

Pussar innsida, utsida og tyggeflatene samtidig. Eigna for dei med gapeproblem.



Norsk Tannvern®

Reinhald mellom tennene

Ulike hjelpemiddel som tanntråd, tannstikker eller mellomromsbørste vil vere til god hjelpe for å gjere reint mellom tennene. Tannlege/tannpleier kan gje gode råd om kva som er best eigna for den enkelte.

Formålet med å halda reint mellom tennene er å fjerne bakteriar som gir hol i tenner og betennelse i tannkjøtt, tannstein og dårlig ande.

Mellomromsbørster

Er det god plass mellom tennene er mellomromsbørste eit godt alternativ. Mellomrombørsten finn i ulike størrelsar og fasongar. Fargekoder viser ulike størrelse. Mellomromsbørsten kan ein skylje og bruk fleire gonger.



Soft Picks gummitannstikker

Skånsam mot tannkjøttet og meir effektiv på bakteriebelegg enn vanleg tannstikkar. Passar i tette mellomrom.



Miracle tanntråd

Stativ som gjer det enklare å bruke tanntråd sjølv, og lettare å hjelpe andre. Kan skyljast og brukast fleire gonger.



Det finns mange ulike hjelpemiddel for å halda det reint mellom tennene. Spør tannlege eller tannpleiar om rettleiing for den enkelte brukaren.



Fluorprodukt

Fluorskyll

bør innehalda 0,2 % NaF. Dersom bebuaren har problem med å spytta ut kan det påførast tennene med tannbørste etter tannpuss.

Det finns fluorskyll som er spesielt eigna for dei som er tørre i munnen.

Eksempel på dette er. Flux Dry Mouth Rinse. Det er eit munnskyll som både stimulerer mengda spytt, fuktar og smørjer slimhinnene, samt beskyttar mot hol i tennene. (inneheld 0,2% NaF)



Foto: Aina T. Wickmann, HFK

Duraphat-tannkrem

kan ein få på resept frå tannlege eller lege. Den er eigna for brukarar med mykje karies fordi den inneheld meir fluor enn vanleg tannkrem. Den er òg gunstig for munntørre og andre som har stor kariesrisiko.

Det er ikkje naudsynt med andre fluortilskot dersom Duraphat-tannkrem blir brukt to gonger dagleg.



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Fluortablettar

for brukarar som har problem med å spytta ut. Fluortablettar skal ideelt sugast på til dei går i oppløsing. Dersom ein svelger dei ned utan å tygga eller suga er det betre å bruke andre typar fluortilskot. Doseanbefalingar:

6mnd – 3år: 0,25mg om kvelden

3-12 år: 0,25mg morgen og kveld

12-18 år: 0,50mg morgen og kveld

18 år --> 0,75mg morgen og kveld



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Saliva-gel (spytterstatningsmiddel)

Stimulerer spytsekresjonen, smørjer og lindrar tørre slimhinner. Finns også med fluor.

Eksempel: Flux Dry Mouth Gel

Rådfør deg med tannpleiar eller tannlege om val av fluorprodukt.

Tannkrem

Det viktigaste er at tannkremen inneheld fluor. Finn ein tannkrem som smakar godt – då blir tannpusen lettare.

For personar som er plaga med after (munnsår) anbefaler me tannkrem utan såpestoff (SLS) og som dermed ikkje skummar. Tannkrem utan SLS kan kombinerast med bruk av Corsodyl. I tillegg til Zendium finns det fleire typar tannkrem utan SLS, spør på apoteket.



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Andre munnstellprodukt

Corsodyl munnskyllevæske/gel

brukast for å behandla tannkjøttbetennelse og andre infeksjonar i munnhola.

Corsodyl har antibakteriell effekt og skal ikkje brukast meir enn to veker samanhengande.

Det er ikkje naudsynt å bruke tannkrem i kombinasjon med Corsodyl. Såpestoffet SLS, som finnes i mange typer tannkrem kan nemleg redusere effekten av Corsodyl. Bruk difor tannkrem utan SLS i kombinasjon med Corsodyl dersom ein likevel ynskjer å pussa med tannkrem i tillegg.



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Vaseline (oljebasert) eller Blistex (vassbasert) brukast til smørjing av lepper før og etter munnstell. Anbefalt for munntørre brukarar for å unngå sår og sprekker i lepper og munnviker.

Utstyr ved protesestell

Protesebørste

Alle protesar skal pussast med protesebørste.



Foto: Kjell Størksen, HFK

Hydrogenperoksid (3 %) blandast med vatn; 1 del hydrogenperoksid og 5 delar vatn. Blandinga løyser opp harde og seige skorper av slim og reinsar munnhola. Bruk tupfer og låsbar pinsett.



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

Glyserol (85 %) 1 del glyserol blandast med 4 deler vatn. Blandinga smørjer slimhinner og motverkar utturking og sårheit. Tilsett gjerne ein dråpe Vademecum eller liknande for friskare smak. Bruk tupfer og låsbar pinsett.

Zalo eller anna feittlösande såpe er det beste reingjeringsmiddelet for protesar. Zalo fjernar effektivt bakteriebelegg og festemiddel. Vanleg tannkrem inneholder slipemiddel som gjer proteseoverflata ru, og er i tillegg ikkje like effektiv for å fjerne bakteriar og festemiddel.



Foto: Ann-Elin Instebø, HFK

Vanlege sjukdommar i munnen

God munn- og tannhelse er viktig for ernæring, velvære, sosialt samvær og den generelle helsa. Dagleg munnstell førebygger sjukdom og därleg lukt fra munnen.

Karies

Karies blir ofta omtalt som hol i tennene. For at det skal bli hol, må det vere plakk (bakteriebelegg) på tennene. Bakteriane omdannar karbohydrat til syre, og syra etsar hol i emaljen. Først oppstår eit «begynnande» hol. Det kan stoppast med god munnhygiene og redusert inntak av karbohydrat. Blir holet større må det reparerast. Karies kan ein unngå med godt reinhald, lågt sukkerinntak og regelmessig bruk av fluor.



Foto: Aina T. Wickmann, HFK

Den kvite streken langs tannkjøttet er byrjande holl.

Gingivitt

Gingivitt er ein betennelse i tannkjøtet. Denne typen tannkjøttbetennelse oppstår når tannhygienen ikkje er god nok. Tannkjøttet blir rødt, hovent og blør lett ved tannpuss eller bruk av tannstikker/tanntråd. Ved skjerpa hygiene vil gingivitt raskt gå over.

Gingivitt kan utvikla seg til periodontitt der som munnhygienen ikkje blir betre.



Foto: Aina T. Wickmann, HFK

Plakk på tennene

Syreskader

Syreskader kjem av at emaljen blir vaska vekk på grunn av syreangrep frå f. eks. drikke (saft, juice, brus,) sur mat (situsfrukter), eller magesyre i samband med oppkast eller reflux. Den viktigaste behandlinga er å finne årsaka til problemet for å hindre vidare utvikling. Dersom syreskadane ikkje blir oppdaga eller at årsaken er vanskeleg å fjerne (f.eks. reflux) kan skadane utvikla seg til å bli så alvorlege at omfattande tannbehandling blir nødvendig. Symptom på alvorlig syreskade er ising og smerte, og at tennene i front blir synleg mindre.



Foto: Norsk tannvern

Syreskader

Tanngnissing

Kraftig gnissing av tenner mot kvarandre kan føre til stor slitasje på tennene, og kan føre til ising i tenner og smerte i kjeveledd.

Periodontitt

Periodontitt er ein djuptgåande betennelse i tannkjøttet og tennene sitt festevev. Ubehandla periodontitt vil føre til beintap i kjeven, tennene losnar og fell ut. Betennelsen kan skuldast därleg munnhygiene.



Periodontitt kan føre til tanntap

Teikn på periodontitt kan vere därleg ande og blødning frå tannkjøttet. Tannkjøttet kan også bli ømt og hovent.


Dersom bakteriebelegg ikkje blir fjerna frå tennene, vil det over tid bli forkalka og hardt. Dette kallar me tannstein. Tannstein og bakteriar vil strekkja seg stadig lenger ned langs rotoverflata. Det oppstår betennelse i tennene sitt festevev, og det vil føre til tap av kjevebein. Beintapet kan over tid bli så omfattande at tenner losnar og eventuelt må fjernast. Tannpleiar og tannlege kan fjerna tannsteinen for å hindra utvikling av sjukdomen, men det viktigaste førebyggande tiltaket er dagleg god munnhygiene.

Tidlig stadium

- Hovent tannkjøtt
- Raudt tannkjøtt
- Tannkjøtt som blør lett
- Dårleg ande

Seinare stadium:

- Tenner som flyttar seg
- Lause tenner



Munntørrheit

Spytt er kroppen sitt viktigaste forsvar mot hol i tennene, og personar med munntørrheit er derfor ekstra utsett for kariesangrep. Spyttet reinsar munnen, nøytraliserer munnen sin pH-verdi etter måltider og smørjer munnen sine slimhinner. Årsak til munntørrhet kan være:

- sjukdomar
- bruk av ulike medisinar
- dehydrering
- at ein pustar med open munn

eller ein kombinasjon av fleire faktorar.

Personer som er plaga med munntørrheit treng derfor ekstra godt munnstell for å unngå hol i tennene, sopp og såre slimhinner. Sørg for at vatn er lett tilgjengeleg som tørstedrikk, og unngå bruk av sukkerhaldige og sure drikker.

Protesar og munntørrhet

Protesar treng fuktighet for å kunne feste seg til ganen. Fukt alltid protesa i vatn før den blir sett inn. Brukaren bør fukta munnen før protesane vert plassert. Festemiddel eller spytterstatningsmiddel kan brukast for at protesane skal sitje betre fast.



Foto: Aina T. Wickmann, HFK

Bruk av medisinar kan gje munntørrhet



Foto: Kjell Størksen, HFK

Munntørrheit kan føre til hol i tennene

Soppinfeksjon i munnen

Soppinfeksjon i munnen blir vanlegvis kjenneteikna ved svie og ubehag i munnhola, men nokon pasientar har lite eller ingen plager. Dersom du kikkar inn i munnen, vil du kunne sjå raudde flekkar i ganen eller områder med kvitt belegg. Skrapar du bort det kvite beleget, ser du at slimhinna eller tunga under er skarpt raud og blør lett. Det er heller ikkje uvanleg at sopp fører til sår i munnvikane.

Årsaker til sopp

Soppinfeksjon i munnen er nesten alltid forårsaka av soppen *Candida albicans*. Dette er ein sopp som normalt finns i munnen hos nær halvparten av oss utan at den gjer symptom. Det er først når forsvarssistema våre blir svekka, at denne soppen forårsakar sjukdom. Årsaka til at forsvarssystemet blir svekka, og soppen slepp til, kan vere mange:

- Munntørrhet - spyttet beskyttar mot soppinfeksjon
- Dårleg ernærings- og alvorlege sjukdommar gjer generelt nedsett motstandskraft
- Ei rekke medikament kan også utløyse ein soppinfeksjon. Det gjeld spesielt antibiotika, astmamedisin og cellegift
- Irritasjon frå protesar ved dårleg protese-hygiene

Behandling av soppinfeksjon

Det blir brukt anti-soppmidlar til å behandle infeksjonen. Medisinen finns som salve eller mikstur, berekna for lokal bruk i munnen.

Rådfør med lege eller tannklinikken før behandling av soppinfeksjon.




Foto: Kjell Størksen, HFK

Kosthald og helse

Munnen og tennene er ein del av kroppen, og det som er godt for kroppen er som regel godt for tennene. Eit sunt kosthald kan redusere risikoen for ulike livsstilssjukdomar, blant anna overvekt, type 2 diabetes og hjerte og karsjukdomar. Mat er viktig for både trivsel og helse.

Du, som helsepersonell og omsorgsperson, har mogelegheit til å påverke innkjøp av matvarer og dermed bidra til at brukaren tar sunne kosthaldsval. Forslag til sunn, delikat, og god kvardagskos som ikkje krever mykje førebuing, og som enkelte brukarar fint kan vere med å både kjøpe inn og laga til, kan vere:

- Fruktspyd
- Smoothie
- Grønsaker med dipp

Bama.no, frukt.no og Melk.no er nokon nettsider som har mange bra oppskrifter.

Shop, søte matvarer og små-eting er uheldig for tennene. Sukker og andre raske karbohydrat fører til større førekommst av skadelege bakteriar i munnhola, som igjen kan føre til hol i tennene. Saft, juice, brus og andre sure og sukkerhaldige drikker kan føre til syreskader.

Ved regelmessige måltid, fornuftige mellommåltid og vatn som tørstedrikk, vil kroppen sjølv nøytralisere syreangrepa og halda bakteriefloraen i sjakk. Motivér for vatn som tørstedrikk og faste måltider på kvardagar.

Det ideelle er tre timer mellom kvart måltid. Sukkerklokka er ein god illustrasjon for korleis dagens måltid kan fordelast.



Ansvarsfordeling

Helsepersonell har ansvar for å ivareta heile mennesket.
Primærkontakten har gjerne eit ekstra ansvar:

- sjå til at alt nødvendig utstyr er tilgjengeleg for å kunne utføra best mogeleg munn- og tannstell.
- fylle ut helseskjema og sørge for at bebuaren har dette med til tannklinikken. Bruk helseskjema frå tannklinikken (sjå s.22).
- sørge for at alle nytilsette og vikarar får informasjon og opplæring i munn- og tannstell så snart som mogeleg etter tilsetting.
- ta kontakt med tannklinikken ved behov for time utanom vanleg innkalling.
- påverke til sunne kosthaldsval.

Munnstellkort

Dei neste sidene inneholder fire ulike munnstellkort som fritt kan kopierast. Me anbefalar at alle har kvart sitt individuelt tilpassa munnstellkort lett tilgjengeleg på badet.

Hensikta er å gjøre munnstellet lettare å utføre på riktig måte for alle tilsette. Det er plass til merknader på munnstellkortet. Der kan ein notera rutinar, tips, spesielle behov, osb.

Det finnes fire ulike munnstellkort

- A – tannstell: for bebuarar med kun eigne tenner i munnen
- B – munnstell tenner og protesar: for bebuarar med både eigne tenner og protesar som ein skal ta ut av munnen under stellet
- C – munnstell protesar: for brukarane som kun har protesar i munnen
- D – munnstell: her er det lagt vekt på stell av munnslimhinner.

Tannklinikken kan hjelpe til med å utarbeida munnstellkort for dei med spesielle behov.

TANNSTELL

Munnstellkort A

NAMN _____

- ❖ **Puss morgen og kveld**
- ❖ **Mellomromsbørste/tannstikker kveld**
- ❖ **Fluor dagleg**



MERKNADER:

 Tannhelsetenesta
Vestland fylkeskommune

MUNNSTELL TENNER OG PROTESER

Munnstellkort B

NAMN _____

- ❖ **Puss tenner og protese morgen og kveld**
- ❖ **Oppbevar protesen tørt om natta**
- ❖ **Mellomromsbørste/tannstikker kveld**
- ❖ **Fluor dagleg**




Foto: Aina T. Wickmann, HFK



Foto: Aina T. Wickmann, HFK



Foto: Kiell Størksen, HFK

MERKNADER:



Tannhelsetenesta
Vestland fylkeskommune

MUNNSTELL PROTESER

Munnstellkort C

NAMN _____

- ❖ Reingjør protesene to gonger dagleg med protesebørste
- ❖ Husk å fjerne matrestar og festemiddel i munnen



Foto: Kiell Størksen. HFK



MERKNADER:



Tannhelsetenesta
Vestland fylkeskommune

MUNNSTELL

Munnstellkort D

NAMN_____

- ❖ Smør tørre lepper med vaselin før og etter munnstell
- ❖ Fjern slim og belegg med tupfer i låsbar pinsett fukta med hydrogenperoksidblanding
(1 del hydrogenperoksid og 5 deler vann)
- ❖ Puss tenner med mjuk tannbørste
- ❖ Etterpå smøres slimhinnene med glyserolblanding (1 del glyserol og 4 deler vann)



Foto: Aina T.Wickmann, HFK

MERKNADER:

 Tannhelsetenesta
Vestland fylkeskommune

Hugseliste




Foto: Aina T. Wickmann, HFK

- **Tennene pussast to gonger dagleg**
- **Tannbørsten kjem ikkje til mellom tennene; bruk tanentråd, tannstikker eller mellomromsbørste**
- **Fluor beskyttar tennene mot hol**
- **Velg VATN når du er tørst**
- **Kvardagskos: grønsaker med dipp, frukt, nötter og bær**
- **Snop, brus og bollar er kun på laurdag**
- **Sukker lagar hol i tennene**
- **Saft, juice og brus gir syreskader**

Lenker til nyttige nettsider

TAKO-senteret

<http://www.lds.no/avdelinger/tako-senteret>

TAKO-senteret er eit nasjonalt kompetansesenter for oral helse ved sjeldne diagnosar. Å ha ein sjeldan diagnose kan òg medføra problem i munnhola. TAKO-senteret samlar, systematiserer og formidlar kunnskap om oral helse til helsepersonell og tannhelsestenesta i tillegg til å greie ut om og lage behandlingsplanar for personar med ein sjeldan diagnose.

Andre nettsider

www.ovrebo.no	tekniske hjelpeemidler til barn, eldre og funksjonshemmede
www.tsa.no	dentaldepot med gode og nyttige munngleie- produkter
www.melk.no	oppskrifter
www.frukt.no	oppskrifter
www.bama.no	oppskrifter



Helsekjema

Helsekjema

Navn _____ Dato _____																																																		
Pasient nr. _____ Fødselsnummer _____ Skole/Arbeid _____																																																		
Adresse _____																																																		
Arbeid _____ Mobil _____ Hjem _____																																																		
E-post _____																																																		
Foresatt _____																																																		
<table border="1"> <tr> <td colspan="2">Generell informasjon</td> <td>Diverse</td> </tr> <tr> <td colspan="2"> <input type="checkbox"/> Hjerte/karsykdommer <input type="checkbox"/> Høyt blodtrykk <input type="checkbox"/> Diabetes <input type="checkbox"/> Epilepsi <input type="checkbox"/> Immunitetssykdommer <input type="checkbox"/> Hepatitt <input type="checkbox"/> Giktfeber <input type="checkbox"/> Problemer med bihulene <input type="checkbox"/> Psykiske lidelser <input type="checkbox"/> Strålebeh. i hode/hals <input type="checkbox"/> Kosthold/diett <input type="checkbox"/> Kompl. etter tannbehandling <input type="checkbox"/> Røyker <input type="checkbox"/> Astma <input type="checkbox"/> Blødersykdom <input type="checkbox"/> Spiseforstyrrelser <input type="checkbox"/> HIV/AIDS <input type="checkbox"/> Lungesykdom <input type="checkbox"/> Hjerneslag <input type="checkbox"/> Parkinsons <input type="checkbox"/> Kreft <input type="checkbox"/> Reumatiske sykdommer <input type="checkbox"/> Annet <input type="checkbox"/> Cøeliaki <input type="checkbox"/> Demens <input type="checkbox"/> ADHD <input type="checkbox"/> snuser </td> <td> <input type="checkbox"/> Nedsatt syn <input type="checkbox"/> Nedsatt hørsel <input type="checkbox"/> Nedsatt taleevne <input type="checkbox"/> Nedsatt førlighet </td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Allergi/oversensibilitet</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td> <input type="checkbox"/> Penicillin <input type="checkbox"/> Lokalbedøvelse <input type="checkbox"/> Pollen <input type="checkbox"/> Matvarer <input type="checkbox"/> Nikkel <input type="checkbox"/> Latex <input type="checkbox"/> Annet </td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Medikamentbruk</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td> <table border="1"> <tr> <td colspan="3">Medisinsk behandling</td> </tr> <tr> <td colspan="3"><input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år</td> </tr> </table> </td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Pas. oppfatning av egen helse</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td> <input type="checkbox"/> God <input type="checkbox"/> Middels <input type="checkbox"/> Dårlig </td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Gravid - termin</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Siste tannbehandling</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Fastlegens navn _____ Fastlegens HPR nr _____</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td>Besøksgrunn _____</td> </tr> <tr> <td colspan="2"></td> <td><input type="checkbox"/> Uten anmerkning</td> </tr> <tr> <td colspan="3">Diverse informasjon _____</td> </tr> </table>			Generell informasjon		Diverse	<input type="checkbox"/> Hjerte/karsykdommer <input type="checkbox"/> Høyt blodtrykk <input type="checkbox"/> Diabetes <input type="checkbox"/> Epilepsi <input type="checkbox"/> Immunitetssykdommer <input type="checkbox"/> Hepatitt <input type="checkbox"/> Giktfeber <input type="checkbox"/> Problemer med bihulene <input type="checkbox"/> Psykiske lidelser <input type="checkbox"/> Strålebeh. i hode/hals <input type="checkbox"/> Kosthold/diett <input type="checkbox"/> Kompl. etter tannbehandling <input type="checkbox"/> Røyker <input type="checkbox"/> Astma <input type="checkbox"/> Blødersykdom <input type="checkbox"/> Spiseforstyrrelser <input type="checkbox"/> HIV/AIDS <input type="checkbox"/> Lungesykdom <input type="checkbox"/> Hjerneslag <input type="checkbox"/> Parkinsons <input type="checkbox"/> Kreft <input type="checkbox"/> Reumatiske sykdommer <input type="checkbox"/> Annet <input type="checkbox"/> Cøeliaki <input type="checkbox"/> Demens <input type="checkbox"/> ADHD <input type="checkbox"/> snuser		<input type="checkbox"/> Nedsatt syn <input type="checkbox"/> Nedsatt hørsel <input type="checkbox"/> Nedsatt taleevne <input type="checkbox"/> Nedsatt førlighet			Allergi/oversensibilitet			<input type="checkbox"/> Penicillin <input type="checkbox"/> Lokalbedøvelse <input type="checkbox"/> Pollen <input type="checkbox"/> Matvarer <input type="checkbox"/> Nikkel <input type="checkbox"/> Latex <input type="checkbox"/> Annet			Medikamentbruk			<table border="1"> <tr> <td colspan="3">Medisinsk behandling</td> </tr> <tr> <td colspan="3"><input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år</td> </tr> </table>	Medisinsk behandling			<input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år					Pas. oppfatning av egen helse			<input type="checkbox"/> God <input type="checkbox"/> Middels <input type="checkbox"/> Dårlig			Gravid - termin			Siste tannbehandling			Fastlegens navn _____ Fastlegens HPR nr _____			Besøksgrunn _____			<input type="checkbox"/> Uten anmerkning	Diverse informasjon _____		
Generell informasjon		Diverse																																																
<input type="checkbox"/> Hjerte/karsykdommer <input type="checkbox"/> Høyt blodtrykk <input type="checkbox"/> Diabetes <input type="checkbox"/> Epilepsi <input type="checkbox"/> Immunitetssykdommer <input type="checkbox"/> Hepatitt <input type="checkbox"/> Giktfeber <input type="checkbox"/> Problemer med bihulene <input type="checkbox"/> Psykiske lidelser <input type="checkbox"/> Strålebeh. i hode/hals <input type="checkbox"/> Kosthold/diett <input type="checkbox"/> Kompl. etter tannbehandling <input type="checkbox"/> Røyker <input type="checkbox"/> Astma <input type="checkbox"/> Blødersykdom <input type="checkbox"/> Spiseforstyrrelser <input type="checkbox"/> HIV/AIDS <input type="checkbox"/> Lungesykdom <input type="checkbox"/> Hjerneslag <input type="checkbox"/> Parkinsons <input type="checkbox"/> Kreft <input type="checkbox"/> Reumatiske sykdommer <input type="checkbox"/> Annet <input type="checkbox"/> Cøeliaki <input type="checkbox"/> Demens <input type="checkbox"/> ADHD <input type="checkbox"/> snuser		<input type="checkbox"/> Nedsatt syn <input type="checkbox"/> Nedsatt hørsel <input type="checkbox"/> Nedsatt taleevne <input type="checkbox"/> Nedsatt førlighet																																																
		Allergi/oversensibilitet																																																
		<input type="checkbox"/> Penicillin <input type="checkbox"/> Lokalbedøvelse <input type="checkbox"/> Pollen <input type="checkbox"/> Matvarer <input type="checkbox"/> Nikkel <input type="checkbox"/> Latex <input type="checkbox"/> Annet																																																
		Medikamentbruk																																																
		<table border="1"> <tr> <td colspan="3">Medisinsk behandling</td> </tr> <tr> <td colspan="3"><input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år</td> </tr> </table>	Medisinsk behandling			<input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år																																												
Medisinsk behandling																																																		
<input type="checkbox"/> Medisinsk behandling siste to år																																																		
		Pas. oppfatning av egen helse																																																
		<input type="checkbox"/> God <input type="checkbox"/> Middels <input type="checkbox"/> Dårlig																																																
		Gravid - termin																																																
		Siste tannbehandling																																																
		Fastlegens navn _____ Fastlegens HPR nr _____																																																
		Besøksgrunn _____																																																
		<input type="checkbox"/> Uten anmerkning																																																
Diverse informasjon _____																																																		

Sign.

Registreringsdato

Oppdatert av



vestlandfylke.no